

# Bondeposten



Informasjonsskriv frå Hjelmeland kommune, Plan og forvaltning, nr 1/19  
 Telefon Sentralbord 51 75 00 00. E-post [postmottak@hjelmeland.kommune.no](mailto:postmottak@hjelmeland.kommune.no)  
 25.årgang. Ansvarleg redaktør Haldis K. Nilsen, redaksjon: Torborg Kleppa, Anne Kari Skogerbø, Kristofer  
 Tveiterå. Foto: Anne Kari Skogerbø,



*Innholdsliste; kommuneplan slutføring, elektroniske søknadar, søknad om produksjonstilskot – utbetaling, ny søknadsrunde, vanleg jordbruksproduksjon, utbetaling av RMP, kommunalt tilskot til nydyrking, IBU-midlar frå Innovasjon Norge, elektronisk søknad om SMIL-midlar og dreneringstilskot, frist for søknad om tilskot til investering i beitelag, skogbruksaktivitet 2018, plantebestilling, skogsvegar og fellingsrapportar.*

Først av alt vil me seie takk for oppmøte og engasjement på landbruksmøte 19.02.19. Kjekt at så mange av dykk kom. Dersom de har tilbakemelding til forma på møte, forslag til tema eller personar, osv., så bare gi lyd til oss på plan og forvaltning. ☺

## KOMMUNEPLAN

Etter ein omfattande prosess går no kommuneplanen 2019-2031 mot slutføring. Dette gjeld både samfunnsdel og arealdel, med unntak for Hjelmeland sentrum med omland som kjem noko seinare (ut på høyring i løpet av fyrste halvår). Det blir politisk behandling i areal og forvaltningsutvalet og formannskapet fyrste veka i mars, og forhåpentlegvis i kommunestyret 11.april. Meir info, og sjølv «Kommuneplanpakken» i samband med sluttbehandlinga, finn du på [www.hjelmeland.kommune.no](http://www.hjelmeland.kommune.no).

## ELEKTRONISKE SØKNADAR VIA ALTINN

Fleire og fleire ordningar i landbruket vert nå elektroniske. Dvs at du loggar deg inn som brukar og søker på internett. Skjema finn du via Altinn. Ein enklare måte å finne dei ulike skjema på er via landbruksdirektoratet si heimeside. <https://www.landbruksdirektoratet.no>. I venstre marg finn du elektroniske tjenester – og finn der søknad om produksjonstilskot, regionalt miljøtilskot, avløyning ved sjukdom, smil-midlar, landbrukserstatning, drenering, mjølkekvotar, skogfond osv.

## UTBETALING AV PRODUKSJONSTILSKOT OG AVLØYSARTILSKOT 2018

Produksjonstilskot, både til husdyr, beitedyr, areal, driftstilskot osv., og avløysartilskot 2018, vart utbetalt onsdag 20.02.19. Pengane skal du ha fått på konto innan fredag 22.02.19. Sjå gjennom utbetalinga, du har fått eit dokument som fortel kva du har fått tilskot til, i Altinn. Dersom det er noko som ikkje stemmer, så har du **3 veker klagefrist**.

# UTBETALING AV RMP – REGIONALT MILJØTILSKOT 2018

Landbruksdirektoratet tilviser RMP-søknadane 6. mars. Søkjarane får utbetalingsbrev og varsel om dette 7. mars. Sjekk utbetalinga di og sjå om alt er ok. Utbetalingsbrevet ligg i Altinn i din meldingsbok. **Klagefristen er 3 veker, dvs 28. mars 2019.**

## SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOT 1. MARS

Det er teljedato 1. mars og søknadsfrist 15. mars. IKKJE vent med å søk, det er kort tidsrom å søkje på. Det er bare tal dyr, og eigenerklæringar du skal ha med no.

Vanleg jordbruksproduksjon.

Hausten 2018 fekk kommunen mange varselmeldingar når me behandla søknad om produksjonstilskot. Dette gjeld spesielt lammeslakt. Her er mange som kjem ut med ein lågare avdrått enn det som er landsgjennomsnittet. Då må kommunen vurdere om dette er vanleg jordbruksproduksjon. Då er det viktig for oss å vite litt om produksjonen. Det er merknadsfelt i slutten på søknaden, der du sjølv kan kommentere. Dette er mest aktuelt på hausten i høve til lammeslakt. Både vektor og tal lam blir vurdert. Dersom du veit at du har litt låge tal, sparer du deg sjølv og kommunen ein del arbeid med å kommentere dette i utgangspunktet i staden for at me må ta kontakt i etterkant. Årsaker til at her er slakta få lam kan vere sauerase, at du heldt på å bygger opp/aukar besetningen og difor set på mykje livlam, det kan vere at du ikkje parar lamma, og difor får færre lam enn dyretalet pr 1. mars skulle tilseie. Andre gonger kan det vere tome sauer pga veren ikkje har virka, eller du har høgt tap på beite/i heia. Her kan sjølvsagt og vere andre årsaker.



Har du for eksempel ein stor del påsettlam som ikkje er para, eller du har mange lam som du har føra over vinteren og ikkje har slakta innan 1. mars, så ver grei å skriv ein merknad om dette i søknaden, enten no i mars, eller søknaden i oktober. Då treng ikkje kommunen «masa» om dette når me skal behandla søknaden til hausten/vinteren att. Tal dyr pr 1. mars gir grunnlag for husdyrtilskot 2019, avløysarrefusjon 2019, og tal lam du slaktar til hausten blir samanlikna mot tal dyr du har pr 1. mars.

Elles såg me i oktober at her er noko differansar mellom søknad om produksjonstilskot og gardskartet. No er her direkte kopling mellom kart og søknad, slik at ein får feilmelding om desse tala ikkje er like. Dersom gardskartet ditt ikkje er rett, så be kommunen ta ein tur og sjå på areal i felt, og så oppdaterer me kartet. Kartet blir oppdatert elektronisk kvar vår, men du kan gi melding om endringar heile året. Kartet er ofte ferskvare, av og til ryddar ein nytt beite, noko gror att og er ikkje beite lengre, det blir bygd noko på jordbruksjord osv. Gi difor beskjed dersom du vil at kommunen skal oppdatere kartet. Anne Kari Skogerbø er kontaktperson her. NIBIO, som har ansvar for gardskarta hadde og ein gjennomgang av kommunen sine kart for 1-2 år sidan, det kan og vere at dei har klassifisert om noko areal, utan at du sjølv har gjort endringar på garden hjå deg. Ta difor ein sjekk av kartet på jorda du disponerer og sjå om det er rett.

## KOMMUNALT TILSKOT TIL NYDYR KING

Formannskapet og kommunestyret har 20.02.19 vedteke retningslinjer for kommunalt tilskot til nydyrking. Ordninga vart bestemt i budsjettvedtaket 13. desember 2018, og så er retningslinjene bestemt no.

Det er ikkje utarbeida søknadsskjema pr no. Du skriv ein søknad med eigne ord. Ha med kva areal du søkjer tilskot til, kor stort areal, sei noko om kva tid du fekk godkjent dyrkingsprosjektet. Oppgi kontonummer som tilskotet skal til. Legg ved kart som viser kva areal du søkjer tilskot til. Ein kan maksimalt søkje tilskot til 20 da pr år. Dersom du har eit større dyrkingsprosjekt enn det, så kan du ikkje søkje tilskot til meir enn 20 da pr år. Om du vil vente med å dyrke resten til eit anna år og søkje nytt tilskot, eller du vil dyrke heile feltet når du held på, og dyrkar resten utan tilskot, får du vurdere. Det er pga framdriftsplanen din for dyrking av arealet at me ber deg merke av i kart kva areal du søkjer tilskot til. Dette er sjølvsagt mest aktuelt dersom dyrkingsprosjektet ditt er større enn 20 da, men uansett vil me ha kart, slik at me kan gjere godkjenning av ferdig areal opp mot kart i søknad.

Hjelmeland kommune gir tilskot til nydyrking. Dyrkinga må vere godkjent i tråd med forskrift om nydyrking, og arbeidet må ikkje vere påbegynt når det vert søkt dyrkingstilskot. Det vert gitt tilskot til inntil 20 da pr. år pr. søkjar, og inntil kr 2000,- pr. da. Budsjettrama er kr 200 000,- pr. år.

Hjelmeland kommune har følgjande retningslinjer/vilkår for tilskotet:

- \* Søkjar må ha fått godkjent plan for nydyrking før ein kan søkje om kommunalt tilskot til dyrking, eller ein kan søkje om begge delar samtidig.
- \* Ein må søkje tilskot før nydyrkinga tek til.
- \* Arbeidsfristen er 3 år frå vedtak, eller tilsvarende fristen for gjennomføringa av dyrkinga.  
Fristen for tilskotet kan ikkje forlengast. Er ikkje dyrkinga utført, fell tilskotet attende til kommunen.
- \* Produksjonen til søkjar må vere så stor at søkjar står i MVA-registeret.
- \* Ingen søknadsfrist, søknadane vert behandla fortløpande når dei kjem inn. Søkjar får tilsendt melding om vedtak. Når tilskotspotten er tom, vert her ikkje gjort fleire vedtak. Dersom her er fleire søknadar om tilskot enn her er pengar, må søkjar få velje om søknaden skal ligge over til neste år eller om han vil utføre dyrkinga fortløpande. Og så må ein sjå om her er tilskot i neste års pott. Dei som ikkje har fått vedtak om tilskot pga at her ikkje er pengar att, kan ikkje starte dyrkingsarbeidet før endeleg vedtak dersom dei ønskjer tilskot til prosjektet.
- \* Ein kan ikkje søkje tilskot til meir enn 20 da pr. år.
- \* Søkjarar som har dyrkingsprosjekt som er større enn 20 da, kan bare søkje tilskot til 20 da pr. år. Dersom ein vil søkje tilskot til resten av feltet, må her sendast inn ny søknad året etter, og arbeidet med feltet utover 20 da må ikkje vere påbegynt før ein søkjer tilskot att.
- \* Tilskotet utgjer inntil kr 2 000,- pr. da ferdig dyrka areal, inntil 20 da pr. år.
- \* Det vert gitt tilskot til dyrking av areal til jordbruksproduksjon.  
(Det vert ikkje gitt tilskot til skogbruksproduksjon for eksempel juletre.)
- \* Det vert gitt tilskot til fulldyrking og overflatedyrking slik at arealet kan haustast maskinelt/rasjonelt, ikkje til areal som kunn kan nyttast som beite.
- \* Kommunen treng opplysningar om organisasjonsnummer, kontonummer og kart over aktuelt dyrkingsareal med søknaden.



- \* Det vert gitt løyve om pengar fortløpande, etter kvart som ein fyller vilkåra for tilskot og her er pengar att i budsjettet.
- \* Utbetaling av tilskotet kan gjerast når kommunen har godkjent ved synfaring at arealet er ferdig dyrka, og arealet er sett i produksjon; dvs. i desse tilfella at arealet er isådd eller planta.

Hjelmeland kommune har følgjande retningslinjer for oppstart av tilskotet:  
 Overgangsordning - ordninga trer i kraft i 2019. Dei som kan søkje er:

- \* Nye dyrkingssaker som har fått godkjent nydyrking i 2019 - kan deretter søkje kommunalt tilskot.
- \* Dyrkingssløyve gitt tidlegare år, som har dyrkingssløyve gjeldande ut 2019. Dyrkingsarbeidet på desse felta må ikkje vere påbegynt når det blir søkt om dyrkingstilskot. Ein må søkje om tilskot før nydyrkinga tek til. Dersom feltet er drenert ut tidlegare, men sjølve gravinga i feltet elles ikkje er påbegynt, reknar ein nydyrkingsarbeidet som starta. I desse sakene gjeld tilsagnet om dyrkingstilskot like lenge som dyrkingssløyve gjeld. (For eksempel - gitt dyrkingssløyve i 2017 med arbeidsfrist i 2020, så gjeld eventuelt vedtak om tilskot og til denne dato i 2020.)
- \* Allereie innkomne søknadar om dyrkingstilskot, etter budsjettvedtak i desember 2018, skal behandlast utifrå søknadstidspunktet, og krav om at dyrkinga ikkje er påbegynt, gjeld på søknadstidspunktet for tilskotet.

## MIDLAR FRÅ INNOVASJON NORGE – IBU-MIDLAR

Fylkesmannen har no sendt oppdragsbrev til Innovasjon Norge (IN) der det er skissert kva som skal prioriterast i 2019.


Viktigaste endringa er at nye ammekufjos er ute av prioriteringane, med unntak av dei prosjekta som blir søkt om i samband med generasjonsskiftemidlar (under 35 år, maks 1,5 mill. kroner i kostnadsramme). Nytt for 2019 er at eggprodusentar som legg om frå høner i miljøbur til konvensjonell lausdrift (aviar) kan få ei avgrensa støtte til denne omlegginga.

Innan tradisjonelt landbruk kan ein søkje tilskot til desse tiltaka: etablering og oppgradering (til lausdrift) i mjølkefjos, ungdryfjos/oppdrett av eigne kalvar er kun prioritert der dette kan skje på grunnlag av garden sitt ressursgrunnlag, sau er ute av prioriteringa, men følg nasjonal policy i generasjonsskiftesaker, grøntnæringa har prioritet og satsinga på frukt og bær held fram, gjødsellager i heile fylket med minimum 10 månaders kapasitet – maksimalt 20 % tilskot eller kr 100 000,-. Det kan og gis tilskot til tak over gjødsellager der dette aukar lagerkapasitet til minst 10 md på garden. IN vil vurdere alle søknadar der ein har under 12 md lagerkapasitet til å vera innafor ordninga.

Lokale kriteriedokument knytt til frukt og gjødsellagar utgår og nasjonale retningslinjer er førande, generasjonsskifte.

Landbruksbaserte næringar ein kan søkje tilskot til: matprosjekt, landbruksbasert reiseliv med eit visst omfang og i kombinasjon med aktivitetsbaserte opplevingar, Inn på tunet, andre landbrukstilknytte næringar, landbruksprosjekt med særleg høg grad av innovasjon.

Ikkje prioriterte tiltak/område: kraftforkrevjande produksjonar, sau- og geitehald, ammeku (utanom ved generasjonsskifte), vedlikehaldsprosjekt – kun ved generasjonsskifte kan noko vedlikehald godtas. Juletreproduksjon og tilleggsnæringar utan eller i liten grad knytt til garden sine ressursar er heller ikkje prioritert. Kontaktperson i kommunen, Torborg Kleppa.





## **ELEKTRONISK SØKNAD OM SMIL-MIDLAR OG DRENERINGSTILSKOT**

Fom 11.februar er det no elektronisk søknadsskjema for SMIL-midlar og dreneringstilskot. Du søker då via Altinn. Skjema er kanskje enklast å finne via Landbruksdirektoratet si heimeside. Hjelmeland kommune har for 2019 fått tildelt kr 155 000,- til fordeling på søknadar om SMIL-midlar, og kr 250 000,- til drenering. Det er vilkår for desse ordningane at du søker om midlar før du startar på arbeidet. Nytt i 2019 jf brev frå Fylkesmannen er at ein kan gi SMIL-midlar til tak på gjødsellager på gardar som har nok lagerkapasitet. Kommunen ventar på meir informasjon om denne ordninga frå Fylkesmannen.

Hjelmeland kommune har ein gjeldande strategi og retningslinjer for midlane som gjeld i perioden 2016 -2019. Me skal difor revidere denne i løpet av året slik at den blir gjeldande fom 2020. Har de innspel til strategi eller retningslinjer, tiltak som bør inn eller ut av ordningane, tips om endra prioritering osv., så gi tilbakemelding til kommunen eller lokalt bondelag eller småbrukarlag eller skogeigarlag. Desse partane, i tillegg til politikarane, skal vere med på revideringsarbeidet.

## **SØKNADSRIST 15. MARS – TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDE**

Organiserte beitelag kan søkje om tilskot for å legge til rette for best mogleg utnytting av utmark, redusera tap av dyr på utmarksbeite og fremma fellestiltak i beiteområda. Eksempel på tiltak er hegner og sperregjerde, betre tilgjengelegheit i form av rydding av driftevegar, bruer osv., sankehytter mm. Alle beitelaga har fått tilsendte søknadsskjema frå Fylkesmannen. Søknadsfrist 15. mars. Søknaden skal sendast til beitekommunen.

## **SKOGBRUKSAKTIVITET I 2018**

I løpet av 2018 blei det i Hjelmeland kommune hogd rundt 15 000 kubikkmeter med tømmer til ein bruttoverdi på over 5 millionar kr. Rundt 20% av tømmeret som blei avverka var furu. Det blei nyplanta 83 800 planter, over 342 dekar på areal som tidligare er hogd. Det er og utført ungskogpleie på 40 dekar og suppleringsplanta 3500 planter på areal som har vore tilplanta.



## **PLANTEBESTILLING**

For dei som tidligare har hatt hogst og ikkje har planta til arealet endå, er det nå tid for å bestilla planter for planting i 2019. Virkeskjøperane som kjøper tømmer tilbyr også sal av planter og plantearbeid. Skal ein ha planter til vårplanting er det lurt å ta kontakt tidlig. Ein kan og ta kontakt med kommunen for spørsmål og råd rundt planting av skog.

**Hogstflater skal vera sett i ny produksjon innan 3 år etter hogst.**

Hugs at til planting av skog kan ein bruke skogfond til etableringa. Ein får også tilskot til planting av skog. Planting med tilskot og bruk av skogfond er ein av dei mest lønsame investeringane ein kan gjer i eigen skog!

## **SKOGSVEGAR**

Prosjektet "Gode skogsvegløysningar i Rogaland" er inne i sitt tredje år, og viser at mobilisering og vegplanleggarkompetanse er effektive bidrag for å realisere framtidsretta vegløysningar i kommunane.

Prosjektleiaren kombinerer 50 prosent stilling på vegplanlegging med 50 prosent skogforvaltningsoppgåver i Hjelmeland kommune. Målet med prosjektet er å realisere flest mogleg av kommunane sine hovudplanar, i samråd med skogeigarar og kommunen sine skogansvarlege. Prosjektet har så langt vore involvert i planlegginga av totalt 26 vegprosjekt rundt om i fylket. Det er fleire større fellesanlegg på gang og under bygging i heile Rogaland.

Skogsvegar har i hovudsak 2 funksjonar der ein skal mogleggjer transport av tømmer og gi tilkomst til skogen til forvaltning av eigendomen og arbeid som skal utførast.

Med gode tilskotsordningar for bygging av skogsvegar og bruk av skogfond til investeringar er det ofte lønnsamt å byggja ein skogsveg for å få ned driftsutgifta til hogst av tømmer.

Vegen kan og kombinerast med anna drift og løysa ut større areal på garden og dermed var med på vidareutvikling av gardsdrifta. Har ein spørsmål til bygging av skogsveg kan ein ta kontakt med kommunen v/Kristofer Tveiterå, tlf. 40439128.

## **FELLINGSRAPPORTAR**

Frist for rapportering etter jakt på hjortevilt: elg, hjort, rådyr, er 10 dagar etter jaktslutt! Du må rapportera sjølv om du ikkje har jakta, eller ikkje felt noko, så lenge du har fått fellingsløyve.

Alle elg- og hjortevald skal og rapportera kva ein har sett under jakta «sett hjort» og «sett elg».

Dette kan rapporterast på papir, eller på nett <http://settogskutt.no/>

Dei fleste har no sendt inn rapport, men har du gløymt det, så send inn i ein fei.

Kommunen skal rapportere felling vidare til Statistisk sentralbyr, forvaltninga blir driven bla på bakgrunn av fellingsrapportar og kva ein har sett i samband med jakta, og fellingsavgift blir kravd inn på grunnlag av fellingsrapportane. Kontaktperson Torborg Kleppa, tlf. 40439123.

